



FØRESEGNER FOR TØMMING AV SLAMAVSKILJARAR, TETTE OPPSAMLINGSTANKAR FOR AVLØPSVATN M.V. FOR SANDØY KOMMUNE

Vedtekne av Sandøy kommunestyre den 23.03.95 i medhald av lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) § 26 tredje ledd, § 30 andre og tredje ledd, og § 34.

KAP. 1 GENERELLE FØRESEGNER

§ 1 Kva føresegnene gjeld for.

Føresegnene gjeld for alle slamavskiljarar og tette oppsamlingsstankar for avløpsvatn i kommunen. Unntak frå føresegnene kan gjerast for:

- Slamavskiljarar/tankar i veglause grender og eigedommar som ikkje er knytte til offentleg vegnett.

Ingen har rett til fritak frå tømmeordninga, men kommunen kan ettevurdering av tilhøva gjere unntak.

Teknisk styre skal avgjere klager, søknader m.v. som gjeld tømmeordninga.

Teknisk styre skal også avgjere om slamavskiljarar skal utkopplast i samband med t.d. samling til renseanlegg eller felles slamavskiljarar.

§ 2 Kor ofte skal det tømmast.

- Slamavskiljarar for bustadhus med toalett som har fast busetjing, kvart 2 år.
- Slamavskiljarar for hytter og bustadhus utan toalett, kvart 4. år.
- Tette oppsamlingsstankar, etter behov.
- Kommunale eller private felles slamavskiljarar for fleire bustadhus, bustadfelt eller tettstader skal tømmast i samsvar med tømmefrekvensen i utsleppsløyvet.

§ 3 Kven gjennomfører tømminga.

Kommunen har ansvaret for at tømminga blir gjennomført og kan sjølv halde slamtømmingsutstyr.

Men kommunen kan også engasjere firma/einskildpersonar til å utføre tømminga. Den som utfører tømminga blir i desse føresegnene kalla transportøren.

§ 4 Kvar skal slammet deponerast.

Kommunen har ansvaret for at slammet blir deponert på ein godkjend tømme-plass enten denne ligg innanfor eller utanfor kommunegrensene.

KAP. 2 TRANSPORTØREN SINE PLIKTER OG RETTAR

§ 5 Transportøren sine plikter.

I samråd med kommunen skal transportøren varsle abonnentane ved annonse i dagspressa seinast ei veke før tømminga skal skje.

Tømminga skal skje på ein slik måte at ulempene ved støy og lukt blir minst muleg.

Køyring og tømming skal skje slik at det ikkje blir skade på abonnenten sin eigedom. Kumlokk skal leggst på plass og eventuelle grunder og portar skal stengast etter tømming. Slam-søl skal fjernast.

Eventuelle krav om vederlag for ulemper eller skader i samband med tømminga må abonnenten rette direkte til transportøren.

§ 6 Transportøren sine rettar.

Transportøren har rett til å plassere nødvendig utstyr på abonnenten sin eigedom for å få utført tømminga.

Transportøren kan sløyfe tømming av anlegg der tilkomsten er hindra eller avgraving av kumlokk manglar. Dersom transportøren sjølv vel å syte for tilkomst/avgraving ved slike høve, kan eventuelle krav om tilleggs-godtgjersle rettast direkte til abonnenten. Det same gjeld eventuelle krav og godtgjersle for «bomtur».

Transportøren kan undersøkje slamavskiljaren og påvise feil og manglar. Han gir melding til kommunen om dette, og kommunen kan gi abonnenten pålegg om utbetring.

Transportøren kan tømme rejecktvatnet frå avvatning av ein slamavskiljar ned i neste slamavskiljar av omlag tilsvarande storleik etter at denne er tømnd for slam.

Rejektvatn frå større felles slamavskiljarar kan tømmast tilbake i same slamavskiljaren eller tømmast i ein tilsvarande stor slamavskiljar, eller direkte til ein eigen utløpskum som kan nåast med tømmeutstyret etter tilvising frå kommunen.

KAP. 3 ABONNENTEN SINE PLIKTER

§ 7 Abonnten sine plikter.

Eigaren av slamavskiljaren (abonnten) skal syte for at anlegga som skal tømmast er lett tilgjengelege og at ein tømmebil kan kome nærast muleg slamavskiljaren. Overdekking av kumlukk med snø, is, jord o.l. skal fjernast av abonnten.

Dersom transportøren må utføre ekstraarbeid for å skaffe tilkomst, eller ta ein eigen tur utenom køyreplanen for å utføre tømminga, skal abonnten betale for ekstraarbeid/køyring direkte til transportøren.

Ved feil og manglar på slamavskiljaren eller leidningane til/frå denne, kan kommunen gi pålegg om utbetring. Abonnten pliktar å utbetre skader og få anlegget i funksjon innan den fristen som blir fastlagd. Tømning utenom køyreplanen kan bli aktuelt i samband med feil og manglar.

Abonnten pliktar å betale tømmeavgift til kommunen sjølv om slamavskiljaren ikkje er tømd.

KAP. 4 AVGIFT

§ 8 Kven skal betale avgift.

Alle eigarar av slamavskiljarar/oppstillingstankar som tømmeordninga omfattar, skal betale avgift for tømning til kommunen.

Kommunen fastset reglar for utrekning av storleiken på avgifta og avgjer om avgifta skal delast på ei årleg avgift eller om den skal betalast det året tømninga blir gjennomført.

§ 9 Innkrevjing, renter m.m.

Tømmeavgift med tilkomne renter og kostnader er sikra med lovbestemte pant etter pantelova § 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling og inndriving av avfallsgebyr gjeld reglane i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunene §§ 26 og 27 tilsvarande.

KAP. 5 KLAGE

§ 10 Klage.

Vedtak som er gjort av teknisk utval kan påklagast til klagenemnda i kommunen jfr. 28, 2. ledd i forvaltningslova, innan 3 veker etter at melding om vedtaket er motteke.

KAP. 6 STRAFF

§ 11 Straff.

Brot på føresegnene blir straffa med bøter etter forureiningslova § 79, andre ledd.

KAP. 7 IVERKSETJING

§ 12 Iverksetjing.

Desse føresegnene blir gjort gjeldande frå den tid kommunen vedtek iverksetjing av tømmeordninga.

Harøy 25.10.94